

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gyländ

Emne: Gamal Engkultur

Bygdela: Nuland

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland

(adresse): Nuland

G.nr. 78. Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi Røynsle og fortald
av andre

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det fyrste eg minnest er frå 1890 åra. Då var det ikkje kunsteng i bygda. Gjødsla gras kalla me godt høy og ugjødsla kalla me ruskehøy. Husan vart sett opp i eller på bakken, so gjødslepatn, som ein kalla, Sedå, skulde siga nedover bakken og gjødsla graset.

Det var lite omskifte med åkrane, mest alle hadde dei same åkrane år etter år. Den største, kalla dei gjerne Storågren, eller eit anna fasst namn. Den vart pløya og sådd havre på kvar år. Mindre åkrar veksle dei med havre 1 år og jordepler det andre. Det besste graset var kring åkerne, i åkerreinan, som me sa. På flate myrlete teigar, hadde dei gjerne opne grøfter millom teigarne i passande avstand for å turrleggja dei, og teigarne var då helst avrunda ovanpå so vatne seig av til begge sider. Slike teigar kalla ein, Dug, og var det fleire jamsides, blei det Dugan. Når åker vart attlagd til eng, var det etter kornavl og utan isåing. Slike attlegg kalla me Åkrer, Ja, det hende nokk at sume tok grasfrø i boten av Løa og sådde i når dei la att åkeren, men det var så blanda med ugras, at det var skadeleg.

Gjødsla gras **Kalla** me Eng og udjødsla utslått.

Det var ikkje kjend anna gjødsel enn naturgjødsel det fyrste eg minnest, men dei køyrdé ~~ein~~ Mittingtory og blanda i gjødsla. Fjoset, kalla me Floren, og når kyrene var ute om sumaren, og me hadde dei inn, antan i vårfloren, eller i heimefloren, gjekk dei gjerne lause, og då skulde ein ha turr mold eller mose utover. Det kalla me Busk, for å halda dei reine og for å få meir gjødsel. På same måten vart det gjort under småkreturet som ein gjøtte og hadde inn i floren om netterne. På kvar gard var det ei Mitting, på baksida huset. Det

var ei hola opgraven i jordi, som vart fyllt med mold frå utmarka, På mittinga gjekk folk og Pissa, og der slo ein skittvatn og avfall som då om våren vart køyrd ut som gjødsel og ny mold køyrd i.

Det var vanleg at ein i dei gamle florane fekk forlite plass til all hevda, Då hadde dei ein Glugg, i veggen, som dei kasta ut gjødsla i, og så vart denne lagd i ein fasst talle, godt tiltrampa, den låg under bar himel og når det rigna rann det adskilleg gjødselvatn frå denne, som også vart kalla ,Mittinga.

Engvatning var også i bruk ei tid. Lister og Mandals Amt hadde agrenomer, som skulde læra folk Engvatning, i åri ~~1860-80~~ 1860-80. og ein ser sume restar av dette.

Dei veita vatn frå ein lageleg bekke, i skrå nedover bakkarne, og når dei om våren raka av den naturgjødsla som var spreidd over vollane, so la dei slikt Rø, slik at vatnet gjekk gjenom det og vidare utover vollane.

På den måten fekk dei noke gjødselvatn ,som hjalp til å auka grasvoksteren.

- 1) Namnet Ekre, er vanleg for eng som er på attlagd åker. Tukkeng, var eng som var tjukk og mykje på. Utslatter var namn på alle ugjødsla slått. Den del som var steinutt og ,kruttlen å slå, kalla me Stuttorvslått. avdi me då helst bruka stuttorvljåen.
- 2) Rydjing av slattemark er det lite å fortelja om. Skulde ein rydda ny slått, måtte ein ha ein stutt, sterke lår. Løngljå, som tolde om det var kvist og stubbar, Det var vel helst vanleg å brenna opp slikt rusk. Me har ein stad i utmarka her på Nuland, som heiter Hysbrannskjerra, truleg er det ein stad dei eigong har brennt op slikt bos, Åa rydda op steinar frå utmark er ikkje kjend, fyrr ein i seinare tid tok til med kulturbetar.
- 3) Noko serleg råd for mosen veit eg ikkje, anna enn att det hjalp med Oska stødd utover. Grasfrø var ikkje i bruk fyrr etter 1900.
- 4) Grøfting av myr var nokk i bruk fyre mi tid, men ikkje serleg mykje. Vatning har eg nemnd ovanfor.
- 5) Gjødsling av utmark er ikkje kjend. Kormykje gjødsel vart nytta til eng, kom helst an på kormykje åker ein hadde. Åkeren måtte gjødslast først, Det var brukta å køyra ut noke av gjødsla på binterføre, den vart lagd i godt tiltrampa haugar.

6) Nokon slike namn er meg ukjend.

7) Det vanleg å stja husi slik at gjødselvatne seig nedover grassvollen. Teigarne kring huset eller hovudteigen til eit bruk, hadde gjerne namne, Skjelta, eller Skjeltateigen.

8) Gjødslig både haust og vår er kjend. Om vinteren hadde ein sledar som var arbeid til det bruk, dei var laga med oval beholdar til møka, Slike sleder kalla me, Moksledar. Me hadde lite av dei nye Amerikanske greiper i 80-90 åra, men dei kom snart då, Det var smedarbeidde jarngreiper som var i bruk i mi tid, men gamle folk fortel at dei kunne minnast tregreiper var i bruk.

Dei var laga ved 3. tinder og med ei jarnpigg i enden på tinderne. Å ha kreturet i Kvia, er kjend. Om sumaren når folk var i Stølen og hadde kreturet med seg, Då hadde dei småkreturet i grindar, som dei flutte kvar dag, så var Stølsvollen gjødsla og ein fekk mykje gott høy på den. Etter 1900 gjekk ein meir over til nye måter med gjødselstellet, men først dei siste 20 år har det kome fart i bygging av moderne utehus.

9). Å la dyra beita i utmarka var vanleg, men det var nokk helst for foret skuld. Ein hadde gjerne serskilt Kalvehagar og Hetehagar, der dei gjekk om sumaren.

I Håbbalen slepte dei hastane på dei største heiarne. På Gylandskeia, tok dei imot beitehestar frå andre gardar og heilt frå andre bygder. Dei nytta ikkje hestarne i slåttonna då, fyrr ein fekk moderne utehus, med innhøyring i låven. Å beita jordet om hausten rekna ein ikkje for skadeleg, ein meinte derimot at enga vart tettare i botnen, Vårbeitina måtte vera med måte, og ikkje vara forlenge. Då ein fekk kunsteng, var ein rødd for å beita dei for sterkt det første.

10) I eldre tid, var det meir vanleg at det var knapt med for om våren, då laut kreturet tidleg ut på beite på heimejordet, men i mi tid har det vore lite omskifte. Me let kreturet beita på enga endå.

11) noke serleg reidskap er ikkje kjend, anna enn at når naturgjødsla var breidd utover og det var mildver, Då kører ein rishorva, d.v.s. ein buntar saman nokre risgreiner og legg litt tyngde på dei og kører dei med hest utover vollane, Det smuldrar gjødsla svert gott.

blei då ståande fint i vatnet

No er det lite att av stølslivet i Gyland.

Den gong eg var med, var me der i 2. viker med folk og kretur, men no er det ingen som bur der om netterne og ganske lite utslattehøy vert no slått på heierne. Det fell for dyrt å hausta det om sumaren og likeså å få det heim om vinteren, folk dyrker meir jord heime, der kan dei nytta kunstgjødsel. Av og til tek dei til å dyrka dei besste teigarne på heiarnar, og det tote det bli meir av i framtida.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- 6) Nokre serkskilt narm på enga etter den gjødsel den fekk, er ikke kjend.
- 7) Det var vanleg å setja utenhuse slirk at gjødsel = vatte setig nedover teigarne. Dette hevdet at det gjekk tun og heim, vart kalla Skjelte, Skjelteigen,
- under ann av, Sed, Sed. Den teig som låg hermost til vate

1993

Gamal engkultur. 4.

12) Sumarfjos var vanleg når kreturet var ute i marka. Hjå oss heitte det, Vårfloren, Dei var sette slik, at ein kunde nytta hevda nær ved og at jordi fekk siget Sedå. Kjenner ikkje til at dei hadde fleire fjos ved same bruk. Men det fanst i gamal tid, innegjerda Lammehagar, der dei hadde lammi om netterne, so dei ikkje fekk suga mora, so molka dei sauens morgenon fyrr lammet slap til han att. Andre skilde lammi frå ved å ha dei i serskilte garar, = grindar, inne i fjoset.

13) Langt atende var det nokk vanleg å ha Kve til kreturet om sumaren, det var i bruk på sôlane i mi ungdomstid. Men ein har namnet, Kvivodlen, som tyder på slik bruk. Det var bare småkreturet dei hadde i Kve, i mi tid og dei var så små, at dei vart flytta kvar dag.

14) Eg kjenner bare som nemnd, kvi, frå stôlen, men det er vel ein rest frå gamal bruksmåte. Grinderne var laga av bord eller strangler, og spikra ihop, men dei festa dei saman i hynnorne med vidjur. Namnet, Kvi, eller Grindar, var brukt om ein annan.

Spm. 15, 16, 17, 18. veit eg ikkje meir om enn fyrr nemnd. heller ikkje nr. 19.

20) Det var bare 4. gardar i Gyland, som hadde stôlar. Det var: Sandvand, Seljord, Urdal, Gyland. Seljord og Urdal har ikkje brukt dei som stôlar i mi tid. Men derimot dei 2. andre. Eg var som 9 åring (1891) hjuringgut på Gyland stôlen. Manen eg var hjå hadde stôlshus bygt av hogne planker og bordtak. Det var 2. rom. Det største hadde 2. sengepallar på eine sida. og open Are mitt på jordgolv. I andre rommet, som var mindre, var det ein sengepalle og nokre hyllor til mat og mjølk. Dei hadde ei høyloa som stod so høgt, at det var eit lite rom under til å ha geitane. Kyrene stod bundne ute og sauerne var i grinar. Dei gjekk op og slo høyet på stôlvollen fyrr dei flutte opp, og nytta so turt høy til å ligga på. Den gjødsla som fall frå kreturet, spredde dei utover stôlvollen, som då var grøn og som eit kulturbeitte no. Det var ikkje nytta anna gjødsel enn det som fallt frå folk og Fe. Vollen var ikkje innegjerda. Like ved stôlhuset var det eit lite vatn, som heitte litla kyrjevatn. Det var aure i dette, men dei hadde ikkje pram eller båt. Dei sette ut gran på den måten, at dei hadde laga seg ei lang stong, som dei skuva utover med enden av garnet festa i borkeflæt i enden på stongi og når det var strekt ut, gjorde dei eit rykk atende so stongi kom laus og garne